

NOTAT – JUSTERING AV UTVIKLINGSPLAN 2035

DATO: 12.07.2021

SAKA GJELD: Orientering til samarbeidsutvala i Helse Bergen HF sitt opptaksområde om arbeidet med å justere utviklingsplanen

Bakgrunn

Utviklingsplan 2035 er den overordna strategiske og langsiktige planen for Helse Bergen, både på kort og lang sikt (4 og 15 år). Planen vart godkjent av styret i Helse Bergen HF den 27. september 2018.

Gjeldande plan vart utarbeidd gjennom ein stor og involverande prosess i 2017-2018 og føretaket er i gang med å gjennomføre fleire av tiltaka. Utviklingsplan 2035 er også utgangspunkt for delplanar som til dømes arealdelplan, vegkart for teknologi og pågåande arbeid med å lage ein plan for samhandling.

Føretaksleiinga har bestemt at det ikkje skal bli utarbeida ein *ny* utviklingsplan i denne omgang. Målet no er å oppdatere faktagrunnlag, justere, forbetre og gjere gjeldande utviklingsplan meir tilgjengeleg.

Som ledd i å forbetre og gjere Utviklingsplan 2035 meir tilgjengeleg vil vi foreslå å *deldigitalisere* planen. Med dette meiner vi å legge den ut på intern og ekstern nettstad som ei samling lenker som kan lesast på skjerm, med moglegheit for utskrift. I dag ligg planen ute som *eitt, samla* pdf-dokument.

Om kommunesamarbeid

I gjeldande utgåve av Utviklingsplan 2035 er det lagt vekt på at sjukehuset og kommunane har ei felles forståing om at vi bør koordinere oss betre og auke samanhengen i tenestene til pasientane. Det kjem fram at det er einigheit om at det er utfordringar knytt til informasjonsflyten mellom dei ulike nivåa. Vidare er det løfta fram at vi treng å styrke samarbeidet om førebygging for å dempe veksten i bruk av helsetenester.

Kommunane, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Helse Bergen HF er i gang med etablere helsefellesskap for å bidra til å skape meir samanhengande og bærekraftige helse- og omsorgstenester. Helsefellesskapet skal leggje til rette for betre felles planlegging, økt samordning og betre avgjersleprosessar. Når helsefellesskapet er etablert vil det bli utarbeida ein felles plan knytt til utvalde satsingsområder for samhandlinga. Ved justering av Utviklingsplan 2035 er det eit mål at planen har eit riktig nivå, slik at deltaljane kjem fram i dei ulike delplanane. Når det gjeld

samhandling vil det bli lagt vekt på det arbeidet kommunane, Haraldsplass Diakonale Sjukehus og Helse Bergen har gjort i forbindelse med opprettinga av helsefelleskapet.

Det som står om samhandling i Utviklingsplan 2035 vil, som dei andre tema, bli korta ned. Kjernebudskapet vil likevel bestå: **Samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta er avgjerande for at vi skal oppnå gode pasientforløp og effektiv utnytting av dei samla ressursane som blir stilt til rådighet for helse- og omsorgstenesta.**

Arbeidsgruppa for justering av utviklingsplanen 2035 legg til grunn at ein i arbeidet med oppretting av Helsefelleskap har gjort nødvendige avklaringar mellom alle dei involverte. Helsefelleskapet vil vere førande for innhaldet i Utviklingsplan 2035 og planen skal kunn bli justert. Helse Bergen foreslår difor vi ein kort høyring i kommunane på den samla, justerte Utviklingsplan 2035 mot slutten av 2021. Plan for arbeidet og forslag til høyringsopplegg vil bli lagt fram på samarbeidsutval-møta.

Oppsummering

Det er så kort tid sidan Utviklingsplan 2035 blei vedteken at det ikkje er hensiktsmessig å gjennomføre ein stor og involverande prosess på same måte som i 2017 – 2018. Hovudmålet med denne gjennomgangen er å gjere mindre endringar, forkorte og forenkle planen og legge til rette for digitalisering. Justert plan vil bli sendt på høyring med ein kort høyringsfrist i november.